# Eigarstrategi
# for
# BYBANEN AS

# 1 Bakgrunn

Bybanen AS, stifta 19.3.1997, er 100% eigd av Vestland fylkeskommune.

Bybanen AS har ansvaret for passasjertransport og forvaltning og verdibevaring av anlegg som er eigd av Vestland fylkeskommune:

- Bybanen Utbygging er ein del av den fylkeskommunale forvaltinga, og har ansvaret for bygging av infrastruktur. Ved ferdigstilling vert det som er bygd overlevert til Bybanen AS, som har det vidare ansvaret for forvalting og drift.
- Bybanen AS har ansvar for anskaffing, drift og vedlikehald av vogner.
- Bybanen AS har ansvar for drift og vedlikehald av baneinfrastruktur
- Bybanen AS har ansvar for drift og vedlikehold av trolleyinfrastruktur
- Bybanen AS har ansvar for levering av operatørtjenester til Vestland fylkeskommune ved Skyss

Bybanen AS vel sjølv kva tenester som vert sett ut til underleverandørar.

Bybanen AS skal inngå følgjande avtalar:

- Avtale med Vestland fylkeskommune om forvalting og verdibevaring av eigedelar.
- Avtale med Vestland fylkeskommune ved Skyss om operatørtenester.

Bybanen AS er finansiert av Vestland fylkeskommune gjennom kjøp av forvaltings- drifts- og operatørtenester.

# 2 Formålet med eigarstrategien

Eigarstrategien har til formål å definere kva som skal vere kjerneområdet for selskapet si verksemd, fastsette rammer for organiseringa og angi rammer for eigarstyring og selskapsleiing. Eigarstrategien skal revideras ved behov, men minimum *ein* gong i løpet av fylkestingsperioden.

# 3 Formålet og overordna målsetting med selskapet

1) Kvifor skal Bybanen AS skal være organisert som eit aksjeselskap?
2) Kvifor er det Vestland fylkeskommune som skal eige aksjeselskapet?

Bybanen AS er organisert som eit aksjeselskap fordi det etter jernbanelova er naudsynt å ha ein eintydig plassering av ansvaret for sikkerheita. Den fylkeskommunale forvaltninga representerer ikkje ein slik eintydnad, fordi fylkeskommunen både har ei politisk og ei administrativ leiing. Kravet er nedfelt i jernbaneforskrifta og uttalt av Jernbanetilsynet i samband revisjonar av Bybanen AS.

Formålet med eigarskapet i Bybanen AS er å sikre ei god utnytting av offentlege midlar. Selskapet skal alltid drive sikkert, og elles optimalisere bruk og vedlikehald av infrastruktur og vogner. Det er ikkje eit mål for fylkeskommunen at Bybanen AS skal gå med overskot, anna enn for å ha ei sunn økonomisk drift, slik som er eit krav etter aksjelova.

Dei overordna målsettingane med selskapet er:

- Forvalting og verdibevaring av eigedelar i et livssyklusperspektiv, med formål om å optimalisere levetid og levetidskostnader for eigendelane.
- Heilskapleg planlegging av drift og forvalting av vogner og infrastruktur, for å levere operatørtenester til Skyss med best mogleg kvalitet for kundane.

# 4 Krav til selskapet si verksemd

## 4.1 Krav til selskapet

Selskapet si verksemd skal til ei kvar tid drivast i samsvar med gjeldande regelverk.

Eigar forventar at drifta av selskapet er effektiv, at den skjer i samsvar med bedriftsøkonomiske prinsipp, og at alt utarbeidd talmateriale kan dokumenterast og verifiserast via standardmetodikk. Det skal til ei kvar tid kome fram av vedtektene kva som er selskapet sine mål og strategiar for verksemda. Eigarane skal gjennom generalforsamlinga oppmode til at selskapet har oppdaterte vedtekter. Bybanen AS skal på eige initiativ ta opp vedtektene til revidering om naudsynt.

Eigar er oppteken av at selskapet aktivt tar ansvar for klimakrisa som verden ser i dag, og følgjeleg tar del i Noreg sitt klimamål for 2030, som er å redusere utsleppa med 50-55% mot 1990-nivå. Selskapet skal dokumentere og rapportere på kva tiltak som er sett i verk og effekten av desse. Videre er eigar oppteken av at selskapet tar samfunnsansvar og driv verksemda i tråd med kva som er etisk forsvarleg. Selskapet skal ha etiske retningslinjer og etikk skal kjenneteikne selskapet og selskapet si verksemd, frå val av samarbeidspartnerar og investeringar til dei tilsette sine arbeidsvilkår. Etiske spørsmål skal vere del i arbeidet med forretningsstrategi og utvikling av verksemda. Dei etiske retningslinjene bør vere i samsvar med FNs Global Compact sine ti prinsipp og NUES' retningslinjer for eigarstyring og selskapsleiing.

Strenge krav til openheit og offentlegheit eir eit effektivt verkemiddel mot korrupsjon. Selskapet skal aktivt arbeide for å forhindre lovbrot og korrupsjon. Selskapet er omfatta av offentleglova.

Eigar viser elles til forventningar om samfunnsansvar, miljø og etikk som er skildra i fylkeskommunen sin eigarskapsmelding.

**Commented [SGR1]:** Hugs å oppdatere denne setninga til at berre ein eigar…

## 4.2 Krav til styret

Eigar stiller følgjande krav til styret:

- Styret skal ved behov tileigne seg nødvendig kompetanse gjennom for eksempel introduksjonsprogram, fagseminar og styreseminar med fokus på rollar, ansvar og oppgåver.
- Styret skal fastsette ein årleg plan for arbeidet sitt med utgangspunkt i vedtekne mål, strategiar, oppfølging og gjennomføring.
- Styret skal fastsette instruks for styret og dagleg leiar med særleg vekt på intern ansvars- og oppgåvefordeling.
- Styret skal årleg evaluere eige arbeid.
- Styremøteprotokollane skal førast på ein måte som synleggjer korleis generalforsamlinga sine vedtak vert følgt opp.
- Eigar forventar at styret set i verk internkontrollarbeid med tiltak, rutinar og system som sikrar ei forsvarleg økonomistyring og oppfølging av internkontrollen i selskapet for å forhindre lovbrot og korrupsjon.

### 4.3 Valkomité

Selskapet skal ha ein valkomité som førebur val av styret.

Ordninga kan med fordel vedtektsfestast. Komitéen bør vere uavhengig av styret og leiande tilsette. Generalforsamlinga bør fastsette retningsliner for valkomitéen.

Det er særs viktig at komitéen, i sitt arbeid med å føreslå kandidatar til styret, har kontakt med aksjeeigar, styremedlemane og dagleg leiar. Der eigar skal føreslå kandidatar, bør selskapet informere om kven som er medlem av valkomitéen og fristar for å føreslå kandidatar.

Det er også viktig at komitéen, i innstillinga til generalforsamlinga, grunngjev dei ulike kandidatforslaga og gjer greie for nominasjonsprosessen. Grunngjevinga bør m.a. innehalde informasjon om kandidatens kompetanse, kapasitet og uavhengigheit. Ved attval bør grunngjevinga opplyse om kor lenge kandidaten har vore styremedlem og om faktisk deltaking i styremøta.

## 5 Utøving av eigarskap

Eigar legg til grunn eit langsiktig eigarskap i Bybanen AS og vil utøve eigarskapet i formelle organ i samsvar med aksjelova. Eigar ønskjer å etterleve KS sine tilrådingar om at det vert heldt jamlege eigarmøte. Med jamlege eigarmøte vert det lagt opp til minst eitt eigarmøte kvart halvår, der valt eigarrepresentant møter styreleiar i Bybanen AS for å drøfte selskapet si verksemd og utvikling, ut frå informasjonen eigar jamleg får tilsendt av selskapet. Eigarmøta skal bidra til å sikre ei god eigarstyring og kommunikasjon med selskapet, som igjen vil gje ein koordinert og heilskapleg eigaroppfølging. Det er selskapet sitt styre som skal kalle inn til eigarmøta, og det skal varslast om tidspunkt (dato) i god tid før eigarmøtet. For ordinær generalforsamling er varslingsfristen for møtedato sett til tre månader. Vedtektsendringar og andre saker som krev politisk handsaming skal varslast med tre månaders frist.

Gjennom samarbeid med kvarandre og med selskapet sin valkomité skal eigar sikre at selskapet sitt styre innehar den rette kompetansen til å styre selskapet på best mogleg måte.

**Commented [SGR2]:**

## 6 Måling og rapportering

### 6.1 Resultatmål

Eigar har følgjande resultatmål for selskapet:

- Bybanen AS skal jobbe for positiv utvikling på måleparametera som til ei kvar tid inngår i oppdraga. Måleparametra vert nedfelt i oppdragsbrevet.
- Bybanen AS skal jobbe for eit godt omdømme som samfunnsaktør og hos kundane.

### 6.2 Rapportering

To gonger i året skal selskapet rapportere til eigar om blant anna:

- Arbeidet med sikkerheita generelt.
- Status på arbeidet med utvikling av Bybanen AS si rolle innan forvaltning og verdibevaring.
- Status på måleparametrene som til ei kvar tid inngår i oppdraga.
- Økonomi og risiko.
- Strategiar og planar.
- Aktuelle saker som omhandlar samfunnsansvar, etikk og openheit.
- Resultat frå eventuelle brukarundersøkingar og liknande.

I eigarrapportane skal selskapet også inkludere informasjonen selskapet rapportera inn til Jernbanetilsynet og eventuelt andre offentlege organ.